



## **Handlingsplan for nettverket i Helse Fonna 2018**

### **Målsetting for nettverket**

Målet for nettverket av ressurspersonar i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med trong for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

I Helse Fonna er det til saman 124 ressurspersonar fordelt på 104 sjukepleiarar og 20 ergo- og fysioterapeutar pr november 2017. Dei representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

Nettverksarbeidet har vore forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) sidan 2005. Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket som er i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskolen på Vestlandet (HVL) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysio- og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet.

### **Satsingsområde frå strategiplanen**

Det er vald ut satsingsområde for nettverket ut frå strategiplanen. I 2018 vil ein ha fokus på desse emna:

- Fokus på hjelparen, korleis ivareta hjelparen når hjelparen står i store utfordringar og/eller når hjelparen gjer feil. Tema på årleg fagdag 2018
- Fokus på ulike cellegift- og immunterapibehandlingar, kva bivirkningar o.a. bør ressurspersonane kjenna til
- Formidlingsteknikk
- Hospitering
- Å få innarbeidd møte mellom ressursperson og næraste leiar ( mal for møte ressursperson-leiar er utarbeidd)
- Tverrfagleg samarbeid (invitasjonsbrev til fastlegane er utarbeidd)
- Alle nettverksgruppene får same faglege undervisning
- Lokal fastlege / sjukeheimslege/sjukehuslege får invitasjon til lokalt nettverksmøte
- Arrangera lokal palliativ fagdag
- Markera Verdensdagen for lindrande behandling

Rolla til ressurspersonane vil framleis stå i fokus og bli gjennomgått og drøfta på nettverksmøta.

## Plan for arbeidet til ressurspersonane

### 1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen:

Ressurspersonane skal

- Ha minst eit møte med leiar og lage handlingsplan for arbeidet som ressursperson
- Vere ressursperson og rollemodell for sine kollegaer i arbeidet med kreftomsorg og palliasjon
- Fremme tverrfagleg samarbeid ved å bidra til å trekke inn relevante yrkesgrupper
- Anvende kartleggingsverktøyet HOPE for åndeleg/eksistensiell omsorg og ha merksemd mot dette området
- Ha internundervisning på sin arbeidsplass når dei har vore på nettverksmøte eller årleg fagdag
- Bruke ESAS-r for palliative pasientar
- Vere med i utarbeiding av minst ein Individuell Plan innan palliasjon
- Gjera seg kjend med og vera pådrivar for kollegaer i å bruke hospiteringsordninga i Helse Fonna-området

### 2. Samhandling – systemarbeid:

Samhandling er fast tema på nettverksmøta. Ressurspersonane vert oppmoda til å bruka Individuell Plan, som er eit viktig verktøy for å fremme god samhandling som kjem den enkelte pasient og pårørende til gode. Hospitering kan og bidra til å fremma samhandling ved at ein får kjennskap til kvarandre sin kompetanse og arbeidssituasjon.

Systemarbeid: Arbeide for å få ESAS-r inn i dokumentasjonssystem og kvalitetshandbok.

### 3. Kompetanseheving:

Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan. I Helse Fonna byrja ein i 2014 på ny runde med gjennomgang av alle tema i kompetanseplanen.

Tema for 2018:

- Fokus på ulike cellegift- og immunterapibehandlingar, kva bivirkningar o.a. bør ressurspersonane i nettverket kjenna til når dei møter desse pasientane på arbeidsplassen. Tilsette på onkologisk dagenhet ved Haugesund sjukehus vil stå for undervisninga.
- Formidlingsteknikk.  
Marianne Wenersberg i FOUSAM vil, saman med andre, ha kurs i formidlingsteknikk på nettverksmøta 2018, fordelt på vår og haust. Det vil bli både teori og praktiske øvingar i å formidle kunnskap til andre på sin arbeidsplass, dette for å lette arbeidet med undervisning og vidareformidling på arbeidsplassen.
- Fokus på hjelparen, korleis ivareta hjelparen når hjelparen står i store utfordringar og/eller når hjelparen gjer feil. Dette blir tema på den årlege fagdagen.

Formidlingsteknikk var tema på nettverksmøtene i 2012. Ein set opp dette tema på nytt for at alle nye ressurspersonar i nettverket også skal få undervisning i formidlingsteknikk.

Driftsgruppa for nettverket søkte og fekk hausten 2017 tildelt kompetansemidler frå Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Hordaland. Ubrukte midler vert søkt overført til 2018. Ein del av kompetansemidlene er avsatt til å dekkja utgiftene til fagdagar i nettverket, slik at det vert gratis for deltakarane. Ein del av kompetansemidlene er også avsatt til at ressurspersonar kan søkja om å få dekkja utgifter til faglege kurs / konferansar etter fastsatte kriterier.

Fastlege i vertskommunen, sjukeheimslege eller sjukehuslege vert invitert til å ha eit innlegg på den faglege delen av nettverksmøtet, omkring temaet «Samarbeid rundt pasientar i palliativ fase og pasientar med kreftdiagnose»:

- Korleis fremma samarbeidet sjukepleiar - lege sett frå legen sin ståstad ?
- Kva utfordringar møter ein som lege i arbeidet med pasientar i palliativ fase?
- Kva moglegheiter ser legen for vidare samarbeid med lokal ressursperson?

### **Plan for nettverksmøta**

Me vil i 2018 fortsatt jobba for å få til gode nettverksmøte med godt frammmøte.

Det går på omgang mellom dei ulike kommunane og sjukehusa å arrangera nettverksmøta.

Fortsatt vil ressursperson i arrangørkommunen/sjukehuset ha ansvar for å skaffa lokale, ta imot påmelding, invitera lokal fastlege/sjukeheimslege/avdelingslege, ynskje velkommen i starten av møtet, ordne med lunsj og skrive referat frå dagen. Ressurspersonane i vertskommunane vert også utfordra på å presentera eit case til fagleg drøfting og etisk refleksjon.

Ein vil fortsetja med å setja av første halvdel av møtet til refleksjon og erfaringsutveksling, der alle vert utfordra på å dela noko frå sitt arbeid som ressursperson. Vi ynskjer framleis å ha fokus på refleksjon rundt rolla som ressursperson.

### **Nettverksmøte våren 2018:**

Nettverk Indre Haugalandet	17. april i Skånevik
Nettverk Hardanger	25. april i Kinsarvik
Nettverk Sunnhordland	23. mai på Fitjar
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	10. april på Avaldsnes
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	14. mars på Utsira
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	29. mai på Kopervik BBH

### **Nettverksmøte hausten 2018:**

Nettverk Indre Haugalandet	20. november i Vindafjord
Nettverk Hardanger	10. oktober i Odda kommune
Nettverk Sunnhordland	19. september i Stord kommune
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	6. november i Hjemmetjenesten i Haugesund
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	2. oktober i Sveio
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	23. oktober på Vea

### **Plan for arbeidet i driftsgruppa**

Planlagde møter i driftsgruppa i 2018:

20. februar på Odda sjukehus

22. mai på Stord sjukehus

28. august på Haugesund sjukehus

13. november på Odda sjukehus

### **Introduksjonskurs**

Introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar vert arrangert i november/ desember 2018.

## **Årleg fagdag**

Årleg fagdag 2018 vert arrangert 6. mars i Tabernaklet i Haugesund eller på HVL.

Ei gruppe frå driftsgruppa har ansvaret for planlegginga, saman med representant frå Bjørgene, FOUSAM, Kreftforeninga, KOR og leiar for fysio- og ergoterapinettverket.

Målgruppe for fagdagen er ressursjukepleiarar og ressursfysio- og ergoterapeutar i nettverket og deira leiarar. Fastlegar og sjukeheimslegar vert invitert.

Tema: Fokus på hjelparen, korleis ivareta hjelparen når hjelparen står i store utfordringar eller når hjelparen gjer feil.

Målsetting for dagen:

Etter samlinga skal ressurspersoner og leiarar ha fått kunnskap om:

- at det skjer av og til feil i helsevesenet
- korleis reagere /støtta når kollega gjer feil
- kva skjer med den som har gjort feil, der feilen gjekk ut over pasienten
- å vera hjelper overfor alvorleg sjuke pasientar og deira pårørande – å få metoder/verktøy for å jobba vidare i dette fagfeltet
- leiaransvaret for å skapa kultur for å ivareta hjelparen
- kva ein kan gjera når pårørande ikkje er enig i behandlingen

Mål for holdningar:

- Å vera klar over at feil skjer
- Å vera imøtekommande overfor kollega
- Korleis vera til støtte
- Å ha forståelse for at feil kan skje
- Å ha forståelse for at det kan vera slitsomt å jobba med alvorleg sjuke og døyande pasientar
- Å ha forståelse for reaksjonar på å jobba med alvorleg sjuke og deira pårørande

Mål for ferdigheter:

- Å leggja til rette for debriefing/defusing (umiddelbart etterpå)
- Travelt, hjelparen «tar med pasientsituasjon heim»
- Ved lang køyrevei: får mulighet til å bearbeida litt
- Handlar om ledelse
- Å skapa kultur på arbeidsplassen til debriefing/defusing
- Å ha øye / blick for kvarandre på arbeidsplassen

Det vert planlagt både forelesningar og gruppearbeid/refleksjonsgrupper i løpet av fagdagen. Det blir satt av tid til refleksjon rundt case i grupper med anledning til å utveksla erfaringar og knytte kontaktar med andre ressurspersonar i nettverket og inspirasjon til vidare arbeid i nettverket

Leiarane vert samla til eige møte saman med leiar i Kompetansesenteret og leiar for driftsgruppa.

## **Nyheitsbrev**

Vår og haust 2018 vil det bli sendt ut informasjonsbrev til alle ressurspersonar og leiarane deira. Det er ein felles mal for nyheitsbrevet for alle nettverka i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest, med ein del felles informasjon og ein del lokale nyheiter.

## **Velkomstbrev**

Leiar i driftsgruppa sender ut velkomstbrev til alle nye ressurspersonar i nettverket i Helse Fonna.

## **Rapportering frå ressursjukepleiarar og leiarar**

Den årlege rapporteringa er web-basert. Resultata vert presentert på årleg fagdag.

### **Nettsider**

Nettverket i Helse Fonna har si eiga nettside under KLB si heimeside. Innhald i perm for ressursjukepleiarane er lagt ut på heimesida.

Alle nettverksmøta vert annonserte fortløpande og undervisning frå tidlegare årleg fagdag er å finna der.

### **Informasjon om nettverket**

Ressurspersonane skal informera om nettverket og si eiga rolle til aktuelle samarbeidspartnarar. Brosjyren med info om nettverket og ressurspersonen si rolle skal nyttast til pasientar og pårørande.

Driftsgruppa for sjukepleienettverket laga i 2015 ein roll-up med presentasjon av nettverket.

Denne vert brukt på årleg fagdag og andre aktuelle samanhengar.

Alle ressurspersonar fekk i 2018 ei nål til å bere på uniforma for å syne funksjonen. Denne vil fortsatt bli delt ut til nye ressurspersonar på introduksjonskurs og på nettverksmøter.

Leiarane har eit særskilt ansvar for å informere om nettverket i eigen organisasjon.

### **Fysio- og ergoterapinettverket i 2018**

Satsingsområda til nettverket gjeld og denne gruppa. Fysio- og ergoterapinettverket har eiga driftsgruppe og arrangerer fagdag ein gong årleg. Alle fysio- og ergoterapeutar i nettverket vert inviterte til dei lokale nettverksmøta.

Når det gjeld kompetanseheving, vil nettverket oppmoda til hospitering både i kommunar og på sjukehus hjå ressurspersonar og Palliativt team. Det vert arbeida vidare med å få tak i fleire ressurspersoner til nettverket og det vert her lagt vekt på å få flere ergoterapeuter med i nettverket. Driftsgruppa har også starta utforminga av en «perm» med nyttig informasjon og retningslinjer til ressurspersoner i nettverket. Det vert også arbeida med å få eit tettare samarbeid og felles handlingsplan med nettverka av fysio- og ergoterapeutar i Helse Bergen og Helse Stavanger.

November 2017

Driftsgruppa for sjukepleienettverket ved leiar Grete Skeie Sørhus

Driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket ved leiar Karoline Berge